

Vedlegg 7 Vidare utgreiing barnehage- og skulestruktur Suldal

Berekraftmål 11 – Berekraftige lokalsamfunn



► Innhold

1	Berekraft	3
2	Berekraftige byar og lokalsamfunn	4
3	Suldal kommune sin kommuneplan	5
4	Høringsinnspel sak om barnehage- og skulestruktur	6
5	Lokalsamfunn og nærmiljøtilbod	7
6	Lag og organisasjonar	10
	6.1 Oversikt lag og organisasjonar i Suldal kommune	10
7	Etterbruk av anlegg	17
8	Vurdering av strukturalternativ i lys av berekraftmål 11	19
	8.1 Vurderingsgrunnlag	19
	8.2 Samla vurdering av alternativ	20
	8.3 Samla vurdering	22
9	Kjelder	23

1 Berekraft

Plan- og bygningslova (§ 1-1 Formål) slår fast at all planlegging skal fremje berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Dette inkluderer miljømessige, sosiale og økonomiske omsyn. FN sine berekraftsmål er ein global handlingsplan med 17 mål for å utrydde fattigdom, redusere ulikskap og stoppe klimaendringar innan 2030. Suldal kommune har plukka ut to av desse berekraftsmåla, mål 4 og 11, og ber om at alternativa vert skåra mot desse målsetningane.

- **Mål 4 – God utdanning:** Dette målet handlar om å sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning for alle, og fremje livslang læring. For Suldal kan dette bety at barnehage- og skulestrukturen må leggje til rette for likeverdige tilbod uavhengig av bustad, med gode læringsmiljø og tilgang til kompetente fagpersonar.
- **Mål 11 – Berekraftige byar og lokalsamfunn:** Dette målet fokuserer på å gjere lokalsamfunn inkluderande, trygge og berekraftige. I Suldal kan dette vere relevant t.d. ved å planleggje skule- og barnehagestruktur som styrkjer lokalsamfunna, reduserer transportbehov og bidreg til attraktive bumiljø.

Kvart alternativ skal skårast mot relevante FN-berekraftsmål (4. God utdanning og 11. Berekraftige byar og lokalsamfunn). Vår forståing er at vi skal utvikle operasjonelle kriterium for berekraft med utgangspunkt i dei to måla.

Alternativ som i stor grad fremjar og legg til rette for å nå mål og kriterium, vil få god skåre i vurderingane på tema berekraft.

Erfaringar frå Telemarksforsking si nasjonale utgreiing om skulenedleggingar viser at skulen ofte fungerer som eit sosialt og kulturelt senter i lokalsamfunnet, og at strukturgrep kan røre ved både kvardagsliv, identitet og framtidstru. Samstundes peikar rapporten på at konsekvensane for lokalsamfunnet ikkje nødvendigvis blir så dramatiske som frykta, dersom endringane blir del av ei heilskapleg planlegging og det blir gjort aktive lokale tilpassingar og avbøtande tiltak.

Vedlegget må sjåast i samanheng med rapport og andre vedlegg, særleg vedlegget om Folketal, arbeidsplassar og attraksjon.

2 Berekraftige byar og lokalsamfunn

Berekraftmål 11 handlar om å utvikle inkluderande, trygge, robuste og berekraftige lokalsamfunn. For ein distriktskommune som Suldal betyr dette noko anna enn for større byområde: her er det ikkje urbanisering, fortetting og transportpress som er dei største utfordringane, men demografisk endring, tilgang på tenester, robuste fagmiljø og livskraftige grender. Suldal står i ein situasjon der folketalet er stabilt eller svakt fallande, der talet på barn og unge går ned, og der alderssamansetjinga endrar seg raskt. Samstundes er kommunen prega av sterke lokalsamfunn, høg livskvalitet, nærleik til natur og eit rikt frivilligliv – kvalitetar som er sentrale i berekraftmål 11.

**Gjere byar og
lokalsamfunn
inkluderande, robuste,
trygge og berekraftige**

I denne konteksten handlar berekraftmål 11 om å sikre at kommunen er buverdug og berekraftig over tid, trass i strukturelle utviklingstrekk som Suldal ikkje kan påverke åleine. Det kan bety å planleggje for:

- gode og tilgjengelege tenester i ein kommune med spreidd busetnad
- robuste fagmiljø i barnehage, skule og helse
- levande grender med møteplassar, aktivitet og sosial infrastruktur
- attraktive og varierte bustader som gjer det mogleg å bu i Suldal gjennom heile livsløpet
- berekraftig arealbruk, der natur, landskap og lokalsamfunn blir tekne vare på
- trygge og inkluderande lokalsamfunn, der tilhøyrslø og fellesskap er ein del av kvardagen

For Suldal er berekraftmål 11 difor ikkje eit abstrakt globalt mål, men eit konkret styringssignal: kommunen må utvikle tenester og strukturar som er tilpassa eit lågare og meir aldrande folketal, samstundes som ein tek vare på kvalitetane som gjer Suldal til ein attraktiv stad å bu. Telemarksforskning si utgreiing viser at skulestruktursaker fungerer som eit «forstørrelsesglas» på kommunal styring og lokaldemokrati, der spørsmål om legitimitet, tillit og prosesskvalitet blir avgjerande for korleis endringar faktisk verkar inn på lokalsamfunn og bustadattraktivitet. Ei planforankra tilnærming til skule- og barnehagestruktur, der skulestruktur inngår i ein heilskapleg strategi for lokalsamfunnsutvikling, blir peikt på som ein føresetnad for berekraftige løysingar over tid. Målet kan ikkje berre vere å oppretthalde tenester, men å sikre at dei er fagleg sterke, økonomisk berekraftige og sosialt inkluderande, og at dei bidreg til livskraftige lokalsamfunn i heile Suldal.

Dette er i tråd med kommuneplanen sin samfunnsdel, der Suldal kommune mot 2034 skal vere ein berekraftig kommune med levande lokalsamfunn, der tenester, bustader og nærmiljø vert planlagde samla for å gi trygge og attraktive kvardagsliv.

3 Suldal kommune sin kommuneplan

Kommuneplanen for Suldal legg stor vekt på at kommunen skal vere levande, inkluderande og berekraftig, med robuste lokalsamfunn som kan stå seg over tid. Planen peikar på at Suldal er ein distriktskommune med spreidd busetnad, og at tenester som barnehage og skule er ein del av den grunnleggjande infrastrukturen som gjer det mogleg å bu i heile kommunen. Samstundes understrekar planen at kommunen må tilpasse seg fallande barnetal, endra demografi og strammare økonomiske rammer, og at strukturen i offentlege tenester må vere berekraftig både fagleg og økonomisk.

Kommuneplanen løftar fram fleire forhold som er direkte relevante for berekraftmål 11:

- Suldal skal utvikle attraktive og trygge lokalsamfunn, der møteplassar, aktivitet og gode kvardagsfunksjonar er viktige for trivsel og tilhøyrse.
- Kommunen skal sikre gode og tilgjengelege tenester, men også sørge for at tenestene er robuste nok til å halde kvalitet over tid.
- Det er eit mål å styrkje samhandling, fellesskap og sosial berekraft, og å sikre at barn og unge får eit godt oppvekstmiljø uavhengig av bustad.
- Planen er tydeleg på at kommunen må bruke ressursane sine klokt, og at effektiv organisering av tenester er ein del av berekraftig samfunnsutvikling.
- Suldal skal vere ein kommune som legg til rette for bustadattraktivitet, rekruttering og livskraftige grender, men innanfor rammer som er realistiske og framtidsretta.

Samla sett gir kommuneplanen eit styringssignal om at berekraft ikkje berre handlar om å halde oppe eksisterande struktur, men om å sikre tenester som faktisk kan leverast med kvalitet, kompetanse og tryggleik – og som bidreg til livskraftige lokalsamfunn på lang sikt.

4 Høyringsinnspel sak om barnehage- og skulestruktur

Høyringsinnspela viser eit breitt og sterkt engasjement knytt til barnehage- og skulestrukturen i kommunen. Mange av innspela uttrykkjer uro for konsekvensar av nedlegging av lokale tilbod, særleg knytt til reiseveg, tryggleik, læringsmiljø og utvikling i lokalsamfunna. Samstundes kjem det også fram ulike syn på kva som gir best kvalitet i opplæringstilbodet, der nokre peikar på fordelar ved større fagmiljø og meir robuste einingar.

Eit gjennomgåande tema i innspela er betydninga av barnehage og skule for busetjing, rekruttering av arbeidskraft og utvikling av levande lokalsamfunn. Fleire peikar på at endringar i strukturen kan påverke både tilflytting og næringsutvikling. Reiseveg og tilgjenge blir framheva som sentrale forhold, både for barn sin kvardag, helse og læringsutbytte.

Innspela viser også til behov for meir grundige utgreiingar, særleg knytt til reisetid, tryggleik og samla samfunnseffektar. Fleire etterlyser ein meir heilskapleg tilnærming og ein prosess der alle delar av kommunen blir vurderte samla.

Samla sett gir høyringsinnspela eit bilete av korleis barnehage og skule blir opplevde som sentrale for kvardagsliv, tilhøyrslø og lokal utvikling i Suldal. Dette samsvarer med forskning som viser at skulen ofte fungerer som ein sosial og kulturell møteplass i lokalsamfunn.

Samstundes viser både forskning og analysar i dette vedlegget at slike funksjonar verkar i samspel med andre faktorar, og i avgrensa grad åleine påverkar busetjing og folketalsutvikling. Høyringsinnspela synleggjer difor i større grad opplevde og lokale konsekvensar enn overordna strukturelle effektar.

5 Lokalsamfunn og nærmiljøtilbod

Det er gjennomført ei overordna kartlegging av nærmiljøtilboda i dei ulike skulekrinsane i Suldal. Føremålet har vore å få eit samla bilete av kva slags kvardagsfunksjonar og lokale tenester som finst i dei ulike lokalsamfunna, og korleis desse kan påverke bu- og oppvekstvilkår. I vurderinga er det sett på tilgjenge til sentrale funksjonar som daglegvarebutikk, bensinstasjon, andre butikkar og servicepunkt, samt møteplassar som grendehus, samfunnshus, bedehus og andre forsamlingsstadar.

Høyringsinnspela understrekar betydninga av slike nærmiljøtilbod, og peikar særleg på barnehage og skule som viktige møteplassar og strukturar i kvardagen. Dette forsterkar biletet av at lokale tenester har stor verdi for opplevd livskvalitet og tilhørslse, sjølv om dei ikkje åleine er avgjerande for busetjingsmønster.

Kartlegginga er gjort med utgangspunkt i opne kjelder på internett, kombinert med lokal kunnskap og dialog med Suldal kommune. Dette gir eit oppdatert og realistisk bilete av kva slags nærmiljøtilbod som faktisk er tilgjengelege i kvar krins, og korleis desse varierer mellom kommunesenteret og dei mindre grendene. Oversikta dannar eit viktig bakteppe for vurderingar av både busetnadsmønster, attraktivitet og framtidig barnehage- og skulestruktur.

Lokalsamfunn	Nærmiljøtilbod	Kommentar
Sand	Godt nærmiljøtilbod	Har mellom anna fleire daglegvarebutikkar, apotek, blomsterbutikk, kafé, treningssenter, klede og sko, overnattingsmoglegheiter, Vinmonopol, hagesenter og servicefunksjonar som legesenter.
Vinjar/Suldalsosen	Middels nærmiljøtilbod	Fleire daglegvarebutikkar, bensinstasjon, campingplass, samfunnshus og idrettsanlegg.
Nesflaten	Middels nærmiljøtilbod	Overnattingsmoglegheit, daglegvare og bensinstasjon (berre drivstoff).
Erfjord/Hålandsosen	Middels nærmiljøtilbod	Daglegvare, elbilladar, grendehus, grendesenter, Betel- og bedehus.
Jelsa	Middels nærmiljøtilbod	Overnattingsmoglegheit, daglegvarebutikk, museum og drivstoff.
Marvik/Vatlandsvåg	Middels nærmiljøtilbod	Daglegvarebutikk, bensinstasjon, bedehus og grendehus.

Nærmiljøtilbodet varierer mellom dei ulike lokalsamfunna i Suldal, og speglar både busetnadsmønster, funksjonar og historiske utviklingstrekk. Sand skil seg tydeleg ut som kommunesenteret med eit breitt spekter av tenester og funksjonar, medan dei andre lokalsamfunna har meir avgrensa, men likevel viktige kvardagsfunksjonar. Desse tilboda har betydning for kvardagsliv, trivsel, tilgjenge til tenester og i nokon grad også for attraktivitet og busetnadsmønster, sjølv om dei ikkje åleine er avgjerande for tilflytting.

Sand

Sand har det klart mest omfattande nærmiljøtilbudet i kommunen. Her finst fleire daglegvarebutikkar, apotek, kafétilbod, treningssenter, klede- og skobutikkar, overnattingsmoglegheiter, Vinmonopol, hagesenter og eit breitt spekter av servicefunksjonar, inkludert legesenter. Dette gjer Sand til eit naturleg tyngdepunkt for handel, tenester og arbeidsplassar. Tilbodet er robust og variert nok til å dekkje dei fleste daglege behov, og Sand fungerer som eit regionalt sentrum for både innbyggjarar og tilreisande. Dette er i tråd med rolla Sand har i kommuneplanen og i bustadstrategien.

Vinjar/Suldalsosen

Vinjar/Suldalsosen har eit middels, men relativt breitt nærmiljøtilbod. Her finst fleire daglegvarebutikkar, bensinstasjon, campingplass, samfunnshus og idrettsanlegg. Dette gjer området til eit viktig lokalt knutepunkt for Indre Suldal. Tilbodet er tilstrekkeleg for daglege behov og gir eit visst aktivitetsnivå og møteplassar. Samstundes er tilbodet mindre variert enn på Sand, og mange funksjonar krev reise til kommunesenteret.

Nesflaten

Nesflaten har eit middels nærmiljøtilbod med daglegvarebutikk, overnattingsmoglegheit og bensinstasjon (drivstoff). Dette er eit typisk bygdesenter med dei mest nødvendige funksjonane, men utan breidda ein finn i større lokalsenter. Tilbodet er viktig for kvardagsliv og for å oppretthalde aktivitet i bygda, men er sårbart for endringar i handelsmønster og befolkningsgrunnlag. Fleire tenester krev reise til Sand eller Suldalsosen.

Erfjord/Hålandsosen

Erfjord/Hålandsosen har daglegvarebutikk, elbilladar, grendehus, grendesenter og fleire forsamlingsstadar som Betel- og bedehus. Dette gir eit funksjonelt nærmiljøtilbod som støttar kvardagsliv og lokalt fellesskap. Tilbodet er typisk for eit mellomstort bygdesamfunn, med vekt på møteplassar og frivillig aktivitet. Det er likevel avgrensa når det gjeld handel og service, og innbyggjarane er avhengige av Sand for fleire tenester.

Jelsa

Jelsa har eit middels nærmiljøtilbod med daglegvarebutikk, overnattingsmoglegheit, museum og tilgang til drivstoff. Jelsa skil seg ut ved å ha eit tydeleg kultur- og reiselivspreg, noko som gir aktivitet i delar av året. Samstundes er det eit lite lokalsamfunn med avgrensa kvardagsfunksjonar.

Marvik/Vatlandsvåg

Marvik/Vatlandsvåg har daglegvarebutikk, bensinstasjon, bedehus og grendehus. Dette er eit typisk bygdemiljø med dei mest nødvendige funksjonane og viktige sosiale møteplassar. Tilbodet er avgrensa, men med lokal verdi. Som i fleire av dei mindre grendene er tilbodet sårbart for endringar i befolkningsgrunnlaget.

Samla vurdering

Nærmiljøtilboda i Suldal følgjer eit tydeleg mønster der Sand fungerer som kommunesenter med eit breitt og robust tenestetilbod, medan dei andre lokalsamfunna har meir avgrensa, men viktige grunnfunksjonar. Desse tilboda er sentrale for kvardagsliv, trivsel og lokal identitet, men dei er ikkje i seg sjølve sterke drivkrefter for tilflytting. Dette samsvarer med forskning på flyttemotiv i distriktskommunar, der arbeid, familie, tilhørsløse og livskvalitet veg tyngre enn nærleik til butikkar og servicefunksjonar. Likevel er nærmiljøtilbod viktige for å oppretthalde levande lokalsamfunn og for å sikre at innbyggjarane har tilgang til nødvendige kvardagsfunksjonar utan lange reiseavstandar. Kommuneplanen legg vekt på at Suldal skal ha «fleire folk og folk som trivs», og peikar på gode bu- og oppvekstmiljø, korte og trygge kvardagsreiser og tilgang til møteplassar som sentrale føresetnader for berekraftige lokalsamfunn.

Telemarksforsking si nasjonale kartlegging understrekar at skulen i mange lokalsamfunn fungerer som ein nøkkelinstitusjon i den sosiale og kulturelle infrastrukturen, særleg i mindre grender. Skulen er både møteplass, identitetsberar og ein del av kvardagslogistikken for familiar. Samstundes viser studien at negative konsekvensar av strukturgrep kan dempast når kommunar og lokalsamfunn aktivt arbeider med lokale tilpassingar, til dømes gjennom oppvekstsenterløyisingar, vidareføring av bygget som forsamlingshus eller fleirbrukshus, eller andre former for etterbruk som sikrar møteplassar og aktivitet.

6 Lag og organisasjonar

Dette kapittelet ser på kulturtilbodet og sport- og fritidstilbodet i kommunen som faktorar som kan påverke attraktivitet i kommunen og bygdene gjennom registrerte lag og foreiningar i kommunen.

I vedlegget om *Folketal, arbeidsplassar og attraksjon* viser vi til ulike faktorar som påverkar attraktivitet for bedrifter, besøkande og busetjing. Mellom amenitetane (dei stadlege godene) som vert lista opp under besøk- og bustadsattraktivitet, er kommunale tenester som barnehage og skule, natur, friluftsliv, kulturtilbod og sport- og fritidstilbod.

Vi legg til grunn at natur og friluftsliv er svært attraktivt og tilgjengeleg i heile Suldal kommune.

6.1 Oversikt lag og organisasjonar i Suldal kommune

Tabellen byggjer på:

- Oversikt over lag og foreiningar i Suldal kommune, frå kommunen si heimeside, kvalitetssikra av kulturavdelinga i Suldal kommune.
- Registrerte lag og foreiningar i Brønnøysundregisteret.

Den opphavslege oversikta frå Brønnøysundregisteret omfattar 203 lag og organisasjonar. I tabellen under er dette avgrensa til 142 lag, basert på ei fagleg vurdering av relevans for analyse av frivillig aktivitet, møteplassar og lokal attraktivitet. Lag som i hovudsak har teknisk driftsfunksjon, er eigarbaserte, knytte til arbeidsplassar eller manglar naturleg tilknytning til skulekrins, er difor ikkje tekne med i krinsoversikta.

Der vi har funne spor av aktivitet på nettsider og sosiale medier siste året, har vi merka det med Ja i kolonna Aktiv?. Det er viktig å merke seg at «Usikker» også kan bety at laget er aktivt, men at vi ikkje har lukkast å verifisere det. I vår gjennomgang har vi verifisert 80 organisasjonar som aktive. Vi presiserer at det heftar stor usikkerheit til dette talet; truleg er fleire organisasjonar aktive.

Det vil vere noko overlapp i kategoriar. Døme: Kategorien *Idrett og fysisk aktivitet* vil også kunne romme lag som er retta mot barn, sjølv om *Barn og unge* er ein eigen kategori.

Skulekrins	Kategori	Namn	Aktiv?
Erfjord	Barn og unge	Frisko 4H (Jelsa og Erfjord)	Ja
Erfjord	Barn og unge	KRIK Erfjord	Ja
Erfjord	Idrett og fysisk aktivitet	Erfjord idrettslag	Ja
Erfjord	Idrett og fysisk aktivitet	Suldal idrettsråd	Ja
Erfjord	Kultur, musikk og kunst	Erfjord skulekorps	Ja
Erfjord	Kultur, musikk og kunst	Erfjord bygdekvinnelag	Ja
Erfjord	Kultur, musikk og kunst	Rogaland mållag	Usikker
Erfjord	Kultur, musikk og kunst	Suldal sogelag	Ja
Erfjord	Grendelag / vel / bygdehus	Erfjord grendelag	Ja
Erfjord	Grendelag / vel / bygdehus	Holmesjøen velforeining	Usikker
Erfjord	Grendelag / vel / bygdehus	Stølane velforeining	Usikker
Erfjord	Grendelag / vel / bygdehus	Stølane vellag	Usikker
Erfjord	Trus- og livssyn	Betel bedehus Erfjord	Usikker
Erfjord	Trus- og livssyn	Fjellets bedehus	Usikker

Erfjord	Trus- og livssyn	Foreningen Mariposa	Usikker
Erfjord	Helse / humanitært	Nasjonalforeningen for folkehelse – Suldal demens	Ja
Erfjord	Helse / humanitært	Pensjonistforbundet Erfjord	Usikker
Erfjord	Helse / humanitært	United Hearts	Ja
Erfjord	Helse / humanitært	Håpets flamme	Usikker
Erfjord	Landbruk / natur	Fjellet grunneigarlag	Usikker
Erfjord	Landbruk / natur	Foreningen Laksefiske i Norge	Usikker
Erfjord	Landbruk / natur	Fuglestadbrogete og Blæselaget	Usikker
Erfjord	Landbruk / natur	Interesselaget for farga spælsau	Usikker
Erfjord	Landbruk / natur	Raselaget for dalasau	Usikker
Erfjord	Landbruk / natur	Raselaget for rygjasau	Usikker
Erfjord	Landbruk / natur	Suldal bonde- og småbrukarlag	Usikker
Erfjord	Landbruk / natur	Suldal sau og geit	Usikker
Erfjord	Næring / interesse	Erfjord båtforeining	Ja
Erfjord	Politikk	Partiet for Folk	Usikker
Jelsa	Barn og unge	4H-nemnda Suldal	Ja
Jelsa	Barn og unge	Ørnen 4H	Ja
Jelsa	Barn og unge	Izumo gute- og jentelag	Ja
Jelsa	Barn og unge	KRIK Grefsen 13+	Ja
Jelsa	Idrett og fysisk aktivitet	Jelsa idrettslag	Ja
Jelsa	Idrett og fysisk aktivitet	Jelsa og Erfjord skyttarlag	Ja
Jelsa	Kultur, musikk og kunst	Jelsa bygdahus	Ja
Jelsa	Kultur, musikk og kunst	Syloftet	Ja
Jelsa	Kultur, musikk og kunst	Venneforeninga Brødrene af Sand	Usikker
Jelsa	Trus- og livssyn	Jelsa bedehusforeining	Ja
Jelsa	Grendelag / vel / bygdehus	Høyvik grendahus	Usikker
Jelsa	Næring / interesse	Jelsa båtforeining	Ja
Jelsa	Næring / interesse	Safeklubben i Weatherford	Usikker
Jelsa	Næring / interesse	Suldal sikringsradiolog	Usikker
Jelsa	Næring / interesse	Velferd Norsk Stein	Usikker
Jelsa	Politikk	Suldal Framstegsparti	Usikker
Marvik	Barn og unge	Grytenuten 4H	Ja
Marvik	Barn og unge	Kjølvik søndagsskule	Usikker
Marvik	Barn og unge	Ropeidhalvøya fritidsklubb	Usikker
Marvik	Idrett og fysisk aktivitet	Idrettslaget Haugil	Ja
Marvik	Idrett og fysisk aktivitet	Hebnes skyttarlag	Ja
Marvik	Kultur, musikk og kunst	Marvik musikkorps	Ja
Marvik	Kultur, musikk og kunst	Ropeidhalvøya bygdekvinnelag	Ja
Marvik	Grendelag / vel / bygdehus	Kjølvikstølen grendahus	Ja
Marvik	Grendelag / vel / bygdehus	Skuleplassen på Hebnes	Usikker
Marvik	Grendelag / vel / bygdehus	Sørheim veforeining	Usikker
Marvik	Trus- og livssyn	Kjølvik bedehus	Ja
Marvik	Helse / humanitært	Hodepine Norge Rogaland	Usikker
Marvik	Landbruk / natur	Hjelmeland og Suldal fiskarlag	Usikker
Marvik	Landbruk / natur	Norske druedyrkarar	Usikker
Marvik	Næring / interesse	Marvik båtforeining	Usikker
Nesflaten	Barn og unge	Snoopy ungdomsklubb	Usikker

Nesflaten	Barn og unge	Bråtveit ungdomshus	Ja
Nesflaten	Barn og unge	Nesflaten ungdomslag	Ja
Nesflaten	Idrett og fysisk aktivitet	Nesflaten idrettslag	Ja
Nesflaten	Idrett og fysisk activity	Bråtveit skyttarlag	Ja
Nesflaten	Grendelag / vel / bygdehus	Kilen vel	Ja
Nesflaten	Grendelag / vel / bygdehus	Liv på Nes	Usikker
Nesflaten	Grendelag / vel / bygdehus	Øvre Suldal samfunnshus L/L	Ja
Nesflaten	Helse / humanitært	Nepalhjelp	Usikker
Nesflaten	Helse / humanitært	Øvre Suldal sanitetslag	Usikker
Nesflaten	Landbruk / natur	Bråtveit sankelag	Usikker
Nesflaten	Landbruk / natur	Hamrabø beitelag	Usikker
Nesflaten	Landbruk / natur	Sauda og Suldal skogeigarlag	Usikker
Nesflaten	Landbruk / natur	Setesdal Ryfylke villreinutval	Usikker
Nesflaten	Landbruk / natur	Skaulen reinsdylag	Usikker
Nesflaten	Landbruk / natur	Støladalen beitelag	Usikker
Vinjar	Barn og unge	Snøklukka 4H	Ja
Vinjar	Barn og unge	Suldalsosen søndagsskule	Usikker
Vinjar	Barn og unge	KRIK Suldal	Usikker
Vinjar	Barn og unge	Suldal KFUK-KFUM speidarar	Ja
Vinjar	Idrett og fysisk activity	Suldal idrettslag	Ja
Vinjar	Idrett og fysisk activity	Suldal pistolklubb	Usikker
Vinjar	Kultur, musikk og kunst	Suldal musikkorps	Ja
Vinjar	Kultur, musikk og kunst	Suldal mällag	Usikker
Vinjar	Trus- og livssyn	Kvilldal bedehus	Usikker
Vinjar	Trus- og livssyn	Suldal bedehus	Usikker
Vinjar	Vaksne / interesse	Suldal bygdekvinnelag	Usikker
Vinjar	Vaksne / interesse	Sauda/Suldal revmatikarlag	Ja
Vinjar	Vaksne / interesse	Suldal lokallag NFU	Usikker
Vinjar	Senior	Vinjar pensjonistlag	Ja
Vinjar	Nærmiljø	Osen vel	Usikker
Vinjar	Nærmiljø	Skomakarteigen vel	Ja
Vinjar	Landbruk / natur	Kvilldal beitelag	Usikker
Vinjar	Landbruk / natur	Suldal villreinlag	Usikker
Vinjar	Landbruk / natur	Vanvik sankelag	Usikker
Vinjar	Næring	El og IT-klubb Statkraft Ulla-Førre	Usikker
Vinjar	Næring	Suldal rotaryklubb	Usikker
Vinjar	Politikk	Suldal Arbeidarparti	Ja
Vinjar	Politikk	Suldal Venstre	Ja
Sand	Barn og unge / foreldre- og arrangementskomitear	FAU Sand skule	Ja
Sand	Barn og unge / foreldre- og arrangementskomitear	FAU Sand ungdomsskule	Ja
Sand	Barn og unge / foreldre- og arrangementskomitear	17. mai-komiteen på Sand	Ja
Sand	Barn og unge	Bygdevon 4H	Ja
Sand	Barn og unge	Sand KFUK-KFUM speidarar	Ja
Sand	Barn og unge	Sand søndagsskule	Usikker

Sand	Barn og unge	Suldal ungdomslag	Ja
Sand	Idrett og fysisk aktivitet	Idrettslaget Sand	Ja
Sand	Idrett og fysisk aktivitet	Sand/Suldal skyttarlag	Ja
Sand	Idrett og fysisk aktivitet	Suldal orienteringslag	Ja
Sand	Idrett og fysisk aktivitet	Suldal sykkelklubb	Ja
Sand	Idrett og fysisk aktivitet	Suldal klyvarlag	Usikker
Sand	Idrett og fysisk aktivitet	Suldal hestesportklubb	Ja
Sand	Kultur, musikk og kunst	Sand musikkorps	Ja
Sand	Kultur, musikk og kunst	Ryfylke kunstlag	Ja
Sand	Kultur, musikk og kunst	Suldal kunstlag	Ja
Sand	Kultur, musikk og kunst	Suldal husflidslag	Ja
Sand	Kultur, musikk og kunst	Sand vevstove	Usikker
Sand	Kultur, musikk og kunst	Suldal sogelag	Ja
Sand	Kultur, musikk og kunst	Nutfant24	Ikkje aktiv dei siste åra
Sand	Helse / humanitært	Mental Helse Suldal	Ja
Sand	Helse / humanitært	Sand sanitetsforeining	Ja
Sand	Helse / humanitært	Suldal Røde Kors	Ja
Sand	Vaksne / fritid	Suldal hagelag	Ja
Sand	Vaksne / interesse	Sand bygdekvinnelag	Ja
Sand	Senior	Pensjonistforbundet Sand	Ja
Sand	Nærmiljø	Bjørkaren vel	Ja
Sand	Nærmiljø	Eidssjøen grannelag	Ja
Sand	Nærmiljø	Prestaåsen Vest	Ja
Sand	Nærmiljø	Stegåsen vel	Ja
Sand	Nærmiljø	Svehaugane velforeining	Ja
Sand	Nærmiljø	Maleniusåsen velforeining	Ja
Sand	Nærmiljø	Jonsokberget vel	Ja
Sand	Friluft	Suldal jakt og fiskelag	Ja
Sand	Friluft	Suldal turlag	Ja
Sand	Trus- og livssyn	Sand bedehus	Ja
Sand	Næring / interesse	NAF Sauda og Suldal	Ja
Sand	Næring / interesse	Suldal næringsforeining	Ja
Sand	Næring / interesse	Trygg rv13 gjennom Suldal	Usikker
Sand	Næring / interesse	Utdanningsforbundet Suldal	Ja
Sand	Politikk	Miljøpartiet Dei Grøne Suldal	Ja
Sand	Politikk	Suldal Senterparti	Ja
Sand	Politikk	Suldal SV	Usikker

Fordelt på tal innbyggjarar, vurderer vi det som at Suldal har høvesvis mange lag- og foreiningar og eit aktivt organisasjonsliv. 3880 innbyggjarar fordelt på 142 organisasjonar gjev 27 menneske per organisasjon i snitt.

Organisasjonar per skulekrins og status

Dersom vi ser på korleis organisasjonane fordelar seg på krinsane, får vi denne oversikten:

Skulekrins	Aktive (Ja)	Usikre	Sum
Erfjord	11	18	29
Jelsa	10	6	16
Marvik	7	8	15
Nesflaten	6	10	16
Vinjar	9	14	23
Sand	37	6	43
SUM	80	62	142

Organisasjonar per skulekrins, kategori og om dei er stadfesta aktive (i parentes)

Kategori	Erfjord	Jelsa	Marvik	Nesflaten	Vinjar	Sand	Sum per kategori
Barn og unge / oppvekst	2 (2)	4 (4)	3 (1)	3 (2)	4 (2)	7 (6)	23 (17)
Idrett og fysisk aktivitet	2 (2)	2 (2)	2 (2)	2 (2)	1 (1)	7 (5)	16 (14)
Kultur, musikk og kunst	4 (3)	3 (2)	2 (2)	2 (1)	2 (1)	9 (6)	22 (15)
Grendelag / vel / bygdehus / nærmiljø	4 (1)	1 (0)	3 (1)	3 (2)	2 (1)	12 (12)	25 (17)
Trus og livssyn	3 (0)	1 (1)	1 (1)	0 (0)	2 (0)	1 (1)	8 (3)
Helse / humanitært	4 (2)	0 (0)	1 (0)	2 (0)	0 (0)	3 (3)	10 (5)
Landbruk / natur	8 (0)	1 (0)	2 (0)	6 (0)	3 (0)	0 (0)	20 (0)
Vaksne / fritid / interesse	0 (0)	0 (0)	0 (0)	0 (0)	3 (1)	2 (2)	5 (3)
Senior	0 (0)	0 (0)	0 (0)	0 (0)	1 (1)	1 (1)	2 (2)
Næring / interesse	1 (1)	4 (1)	1 (0)	0 (0)	2 (0)	4 (3)	12 (5)
Politikk	1 (0)	1 (0)	0 (0)	0 (0)	2 (2)	3 (2)	7 (4)
Friluft	0 (0)	0 (0)	0 (0)	0 (0)	0 (0)	2 (2)	2 (2)
SUM per krins	29 (11)	16 (10)	15 (7)	16 (6)	23 (9)	43 (37)	142 (80)

Tabellen viser at frivillig aktivitet og organisasjonsliv er breitt representert i alle skulekrinsane, men med store variasjonar i både omfang og stadfesta aktivitet. Sand skil seg tydeleg ut med flest organisasjonar og høgast del aktive lag, særleg innan idrett, kultur og nærmiljø. Dei mindre krinsane har færre lag totalt, men eit relativt stabilt kjerneutval av aktive organisasjonar innan barn og unge, idrett og grendelag. Kategoriane landbruk/natur og trus- og livssyn har mange registrerte einingar, men svært få med stadfesta aktivitet. Samla sett viser tabellen eit rikt, men ujamnt fordelt organisasjonslandskap, der frivillig breidde og kapasitet varierer mellom krinsane, og der fleire kategoriar har eit potensial for styrking dersom ein ønskjer breiare lokal aktivitet.

Erfaringar frå Telemarksforskning viser at mobilisering og frivillig innsats ofte spelar ei nøkkelrolle i korleis lokalsamfunn møter skulestrukturendringar. I fleire case har foreldre, lag og organisasjonar både bidrege til å påverke prosessane og til å utvikle nye møteplassar og aktivitetar etter endringar i skulestrukturen. Eit rikt og breitt organisasjonsliv, slik Suldal har, er difor ikkje berre eit uttrykk for dagens livskraft, men òg ein viktig ressurs for å handtere framtidige omstillingar på ein måte som støttar berekraftmål 11.

Det breie frivilliglivet og dei mange møteplassane som kjem fram i denne oversikta, er ein viktig del av at Suldal skal vere ein «eksotisk, aktiv og trygg» kommune, slik kommuneplanen formulerer det, og støttar opp under berekraftmål 11 om inkluderande og livskraftige lokalsamfunn.

Folketal og organisasjonar per skulekrins

Skulekrets	Folketal 2026	Del av folketalet i kommunen	Tal organisasjonar	Tal aktive organisasjonar	Del av alle organisasjonar
Sand	1481	38,2 %	43	37	30,3 %
Vinjar	943	24,3 %	23	9	16,2 %
Erfjord	571	14,7 %	29	11	20,4 %
Marvik	393	10,1 %	15	7	10,6 %
Jelsa	273	7,0 %	16	10	11,3 %
Nesflaten	212	5,5 %	16	6	11,3 %
SUM	3873	100 %	142	80	100 %

Sand – størst i folketal og organisasjonsliv

Sand har 38 % av folketalet og 30 % av alle organisasjonane. Dette er i tråd med rolla som kommunesenter, med breitt tenestetilbod, fleire møteplassar og større rekrutteringsgrunnlag. Sand har òg flest aktive lag, noko som viser eit robust og variert frivilligmiljø.

Erfjord – høg organisasjonsgrad i høve til folketalet

Erfjord har berre 14,7 % av folketalet, men 20,4 % av alle organisasjonane. Dette er ein viss overrepresentasjon. Krinsen har mange lag innan landbruk, kultur og nærmiljø, og eit frivilligliv som er breiare enn folketalet skulle tilseie.

Vinjar – stort folketal, men lågare organisasjonsdel

Vinjar har 24 % av folketalet, men berre 16 % av organisasjonane. Dette er den største underrepresentasjonen i kommunen. Dette *kan* indikere at frivilligmiljøa er meir fragmenterte eller sårbare.

Jelsa og Nesflaten – små krinsar med relativt høg organisasjonsdel

Jelsa og Nesflaten har høvesvis 7 % og 5,5 % av folketalet, men begge har 11,3 % av organisasjonane. Dette viser at små lokalsamfunn kan ha sterke frivilligmiljø, ofte knytt til kultur, nærmiljø og møteplassar. Jelsa har særleg høg del aktive lag.

Marvik – liten krins med stabilt frivilligliv

Marvik har 10 % av folketalet og 10,6 % av organisasjonane. Dette er ein balansert situasjon, med relativt høg del aktive lag. Aktiviteten er konsentrert om idrett, kultur og nærmiljø.

Samla vurdering

- Sand er naturleg hovudtyngdepunkt for frivillig aktivitet.
- Erfjord, Jelsa og Nesflaten har sterk frivillig aktivitet i høve til folketalet, noko som kan tyde på høg lokal mobilisering og sterke sosiale strukturar.
- Vinjar skil seg ut som noko underrepresentert i frivillig aktivitet gitt folketalet.
- Marvik ligg nær ein «forventa» balanse mellom folketal og organisasjonsliv.

Overordna mønster

Frivillig aktivitet i Suldal følgjer ikkje folketalet lineært. Små krinsar kan ha sterke frivilligmiljø, medan større krinsar kan ha færre aktive lag enn venta. Dette samsvarer med forskning som viser at frivilligliv i distriktskommunar ofte er knytt til lokale møteplassar, identitet og tradisjonar – ikkje berre storleik.

7 Etterbruk av anlegg

Ved skulenedlegging står kommunar att med bygningar som ofte har stor bygningsmessig og symbolsk verdi, men som samstundes kan vere krevjande å bruke på nytt. Det finst avgrensa direkte norsk forskning spesifikt på etterbruk av grunnskulebygg. Forsking frå Norden og internasjonalt peikar på at val av strategi for etterbruk; sal, riving, mellombels bruk eller varig omdisponering, har både økonomiske, samfunnsmessige og langsiktige konsekvensar (Lind & Stjernström 2015; Delpierre 2021).

Skulebygg vert i forskingslitteraturen ofte omtala som såkalla *community anchor institutions*, der tap av funksjonen kan svekke lokal identitet og aktivitet i bygda, medan vellukka etterbruk kan bidra til å dempe negative verknader av skulenedlegging (Kearns et al. 2009). Dette er særleg relevant i distriktskommunar med spreidd busetnad og avgrensa marknad for sal av større nærings- eller bustadeigedomar.

Typiske former for etterbruk

Nordisk forskning og praksis viser at tidlegare skulebygg i hovudsak vert nytta vidare innan tre hovudkategoriar. Den mest vanlege løysinga i distriktskommunar er vidare offentleg eller semioffentleg bruk, til dømes som barnehage, vaksenopplæring, kulturskule, frivilligsentral eller fleirbrukshus. Slike løysingar inneber ofte at kommunen held eigeidomen i eige, og prioriterer bruk framfor økonomisk avkastning, for å hindre forfall og bevare ein lokal møteplass (Lind & Stjernström 2015).

Ombygging til bustader er meir utbreidd i byar og større tettstader, særleg i Sverige og Danmark. Forsking frå Sverige viser at dette oftast skjer der bygget ligg sentralt og kan tilpassast bustadformål utan omfattande strukturelle inngrep. Samstundes krev slike prosjekt store investeringar og tilgang på privat kapital, og er difor sjeldnare i små distriktskommunar (Ericson 2024; Williams 2025).

Ei tredje form for etterbruk er nærings-, kultur- eller samfunnsretta verksemd, til dømes kulturhus, atelier, kontorfellesskap eller frivillige organisasjonar. Internasjonal forskning peikar på at slike løysingar ofte er prosjektbaserte og økonomisk sårbare over tid, særleg dersom leigeinntektene er låge eller avhengige av offentleg støtte (Delpierre 2021).

Økonomiske forhold og ansvar

Forskinga viser samstundes at etterbruk av skulebygg sjeldan er økonomisk nøytral for kommunen. Sal av skulebygg i distrikta gir ofte låg inntekt, og i fleire tilfelle vert bygga selde til prisar under teknisk verdi eller ikkje selde i det heile (Lind & Stjernström 2015). Riving vert i mange kommunar vurdert der bygga har stort vedlikehaldsetterslep eller låg marknadsvardi, men også dette medfører kostnader og kan vere politisk omstridd, særleg der bygget har lokal symbolverdi (Delpierre 2021).

Ved ombygging eller varig etterbruk peikar nordisk forskning på at tekniske krav til inneklima, universell utforming, energi og brann ofte er avgjerande kostnadsdrivarar. Regelverk og manglande tilpassing til ny bruk vert identifisert som sentrale barrierar for økonomisk berekraftig etterbruk (Nordic Council of Ministers 2023; Ericson 2024).

Vedlikehald og mellombels bruk

Eit gjennomgåande funn i både nordisk og internasjonal litteratur er at skulebygg som vert ståande tomme over tid, raskt får aukande vedlikehaldskostnader. Manglande bruk fører ofte til teknisk forfall, fuktskadar og svekt bygningsstandard, noko som i neste omgang reduserer moglegheita for seinare etterbruk eller sal (Christoffersen & Larsen 2010).

Mellombels bruk vert i fleire studiar framheva som ein mogleg strategi for å halde bygga i drift medan langsiktige løysingar vert vurderte. Samstundes viser forskinga at mellombels bruk ofte manglar klar

ansvarsplassering og stabil finansiering, og difor sjeldan representerer ei varig løysing i seg sjølv (Delpierre 2021).

Samla vurdering og relevans for Suldal

Forskinga gir eit samstemt bilete av at etterbruk av skulebygg krev tidleg og realistisk avklaring av strategi. Manglande plan for etterbruk aukar risikoen for forfall og tap av verdi, medan vellukka løysingar ofte føreset politisk vilje, avklara eigarskap, realistisk økonomi og tilpassing til lokale behov og marknadsforhold (Lind & Stjernström 2015; Williams 2025).

For Suldal kan dette innebere at etterbruk av skulebygg bør handterast parallelt med, eller vurderast fortløpande etter skulestrukturutgreiinga, der økonomi, vedlikehald og lokalsamfunnsperspektiv vert sett i samheng. Erfaringar frå nordisk og internasjonal forking tilseier at etterbruk sjeldan er kostnadsfri, men at tidleg planlegging kan redusere risiko og gje betre grunnlag for langsiktige løysingar.

8 Vurdering av strukturalternativ i lys av berekraftmål 11

8.1 Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tek utgangspunkt i analysane av nærmiljøtilbod, organisasjonsliv og etterbruk, sett i samanheng med forskning på skulenedleggingar og flyttemotiv.

Det samla kunnskapsgrunnlaget peikar i same retning: Arbeidsplassar, familie og livskvalitet er dei viktigaste drivkreftene for busetjing. Skule- og barnehagestruktur spelar ei langt mindre rolle for flyttemønster, men har samtidig ein tydeleg funksjon i kvardagslivet i lokalsamfunna. Skulen fungerer mange stader som møteplass, identitetsberar og ein del av den praktiske organiseringa av kvardagen for familiar.



Telemarksforsking peikar samstundes på at konsekvensane av strukturendringar ikkje er eintydige. Endringar kan gi negative utslag lokalt, særleg der skulen har ein sentral sosial funksjon. Samstundes viser fleire døme at samanslåingar kan utløyse mobilisering, samarbeid og nye former for aktivitet. Korleis endringane slår ut, heng i stor grad saman med lokale forhold og korleis prosessen blir handtert.

I tråd med kommuneplanen sin samfunnsdel vurderer vi strukturalternativa ikkje berre ut frå økonomi og fagleg kvalitet, men òg ut frå korleis dei bidreg til berekraftige lokalsamfunn i heile Suldal – med trygge nærmiljø, møteplassar og gode kvardagsreiser for barn og unge.

På denne bakgrunnen er det gjort eit skilje mellom:

- påverknad på kommunen som heilskap
- påverknad på det enkelte lokalsamfunn

Vurderinga vert gjort etter ein trafikkllysmoell:

Farge	Forklaring
	Svært negativ påverknad
	Negativ påverknad
	Liten / avgrensa påverknad
	Positiv påverknad
	Svært positiv påverknad

8.2 Samla vurdering av alternativ

Alternativ	Kort beskriving	Kommunal påverknad	Lokal påverknad	Vurdering
0 / 0+	Dagens struktur			Ingen eller liten påverknad på berekraftsmål 11. Bygdene beheld nærskulane sine, noko som i utgangspunktet trekkjer opp måloppnåinga lokalt. Nærskulen har betydning for identitet og fungerer som møteplass i lokalsamfunnet. Dette kan likevel opplevast som ei mindre robust løysing, med vidare usikkerheit knytt til skuletilbodet. På kommunenivå er påverknaden avgrensa, i tråd med forskning som viser at skule i liten grad er avgjerande for flytting samanlikna med arbeid, familie og livskvalitet. Høyringsinnspela understrekar betydninga av slike nærmiljøtilbod, og peikar særleg på barnehage og skule som viktige møteplassar og strukturar i kvardagen. Dette forsterkar biletet av at lokale tenester har stor verdi for opplevd livskvalitet og tilhøyrslø, sjølv om dei ikkje åleine er avgjerande for busetjingsmønster.
2A	Nesflaten til Vinjar			Fordi omfanget totalt sett er lite, vil alternativet i liten grad påverke kommunen som heilskap. Nesflaten mistar nærskulen, og dersom barnehagen også fell bort, blir nærmiljøtilbodet redusert. Dette kan påverke bygda negativt, noko som også blir understreka i fleire høyringsinnspel, og andre tilbod, som organisasjonsliv, handel og aktivitet, blir viktigare berekraftsfaktorar. Strukturen kan samstundes opplevast som meir robust og føreseieleg. Som flyttemotiv er skule mindre viktig enn andre forhold, og utvikling i arbeidsplassar vil kunne vere viktigare for berekraft. Etterbruk av bygg kan påverke korleis konsekvensane slår ut. Forsking og erfaringar frå referansekommunar viser likevel at slike endringar i avgrensa grad påverkar busetjingsmønster over tid.
2B	Jelsa til Kjølvik (m/ Marvik)			Også her er påverknaden på kommunen avgrensa. Jelsa mistar nærskulen, men ikkje barnehagen, noko som gir eit fattigare nærmiljøtilbod, men ikkje full bortfall av funksjonar. Dette samsvarer med høyringsinnspel som peikar på redusert nærmiljøfunksjon ved bortfall av skule. Jelsa har samstundes eit aktivt organisasjonsliv og fleire arbeidsplassar, som kan dempe opplevde og frykta negative effektar lokalt. Erfaringar frå forskning viser at slike endringar både kan svekke lokale funksjonar og samtidig gi grunnlag for nytt samarbeid og aktivitet.
3 (2A + 2B)	Nesflaten + Jelsa			Begge bygdene mistar nærskulen. Vurderinga for det enkelte lokalsamfunnet er i stor grad som for 2A og 2B. Samla sett gir dette alternativet større samla lokal belastning enn enkeltvise justeringar, sjølv om påverknaden på kommunenivå er avgrensa.

				Konsekvensane er likevel usikre, og forskning viser at slike endringar ikkje nødvendigvis gir utslag i busetjing. Alternativet kan opplevast som meir robust, og samling i større miljø kan gi grunnlag for meir levedyktige lag og organisasjonar på tvers av bygder, slik også erfaringar frå andre kommunar viser.
4	Oppvekst-senter-struktur i Stølane, Vinjar og Kjølvikstøle n. Framhald Sand 1-10			Vurderinga er i stor grad lik alternativ 3, men med eit tydelegare strukturelt grep gjennom etablering av oppvekstsenter. Dette kan gi meir robuste fagmiljø og betre ressursutnytting. Dette gjer alternativet meir framtidretta enn dei mindre justeringane, men med tilsvarende lokale avvegingar. Samling av funksjonar kan skape nye tyngdepunkt i kommunen, og oppgraderte bygg kan i seg sjølve framstå som attraktive. Særleg i sør kan dette ha ein viss positiv effekt. Lokalt vil det framleis vere både gevinstar og tap, men erfaringar viser at slike strukturar over tid kan gi nye former for fellesskap og aktivitet. Høyringsinnspela gir eit meir samansett bilete av slike løysingar, der både gevinstar knytt til kvalitet og uro for lokal forankring kjem fram.
5	Marvik til Sand, Nesflaten til Vinjar, Jelsa til Stølane			Alternativet inneber nedlegging av fleire skular og samling i større einingar. På kommunenivå gir dette betre føresetnader for kvalitet, rekruttering og effektiv drift, og framstår som meir robust og føreseieleg. Lokalt vil fleire bygder miste skulefunksjon, noko som kan påverke møteplassar og identitet. Samla sett inneber dette alternativet dei mest omfattande lokale konsekvensane. Dette gjeld særleg for bygder som mister både skule og sentrale møteplassar. Større fagmiljø og meir samla aktivitet kan samstundes gi grunnlag for nye fellesskap, auka engasjement og sterkare organisasjonsliv, sjølv om dette ofte utviklar seg over tid.
6	Tysingvatnet (ny skule i sør). Nesflaten til Vinjar. Framhald Sand 1-10			Alternativet inneber nedlegging av fleire skular og etablering av ein ny felles skule. Høyringsinnspela gir tydeleg uttrykk for usikkerheit og delte syn på eit slikt alternativ. Det er knytt stor usikkerheit til korleis dette vil påverke berekraft og attraktivitet. Lokale møteplassar fell bort, medan nye kan oppstå. Eit nytt skuleanlegg kan vere attraktivt, men vil samstundes krevje at alle reiser til tilbodet. På kommunenivå kan strukturen vere robust, men lokale konsekvensar er meir omfattande og mindre føreseielege enn i dei andre alternativa. Dette forsterkar biletet av at konsekvensane kan vere mindre føreseielege enn i dei andre alternativa.

Vurderingane føreset at etterbruk av bygg og vidareføring av møteplassar blir følgt opp aktivt.

8.3 Samla vurdering

Analysane av folketal, flyttemotiv, nærmiljøtilbod og organisasjonsliv viser at berekrafta i lokalsamfunna i Suldal blir påverka av fleire forhold som verkar saman.

Forsking frå Telemarksforsking og andre distriktsstudiar viser at arbeid, familie og livskvalitet veg tyngst for om folk flyttar eller blir buande. Skule- og barnehagestruktur har mindre betydning for tilflytting, men er viktig for kvaliteten i tenestene og for kvardagen til innbyggjarane.

Kartlegginga viser at alle lokalsamfunn i Suldal har grunnleggjande funksjonar, men med ulik breidde og robustheit. Sand skil seg ut med eit breitt og robust tilbod, medan dei andre bygdene har færre, men viktige møteplassar og kvardagsfunksjonar. Dette gir eit viktig bakteppe for å forstå kvifor strukturalternativa slår ulikt ut mellom lokalsamfunna.

Organisasjonslivet er rikt og variert, og ein viktig del av grunnlaget for levande lokalsamfunn. Det er særleg sterkt i Sand, Erfjord, Jelsa og Marvik, medan Vinjar har færre aktive lag enn folketalet skulle tilseie. Dette viser at frivilliglivet ikkje følgjer folketalet direkte, men er tett knytt til lokal identitet og møteplassar. Erfaringar frå forsking viser at strukturendringar både kan svekke eksisterande funksjonar og over tid bidra til nye former for samarbeid og aktivitet.

Sjølv om påverknaden på overordna berekraft er avgrensa, kan konsekvensane for kvardagsliv, møteplassar og lokal identitet vere tydelege i dei enkelte lokalsamfunna. Samla sett viser vurderingane likevel at strukturendringar i avgrensa grad påverkar den langsiktige berekrafta i lokalsamfunna. Dette er i tråd med forsking og dei samla analysane i utgreiinga. Endringar i skulestruktur påverkar i liten grad dei forholda som styrer tilflytting.

Trafikklysmodellen viser difor gjennomgåande gul påverknad; ein liten, men ikkje uvesentleg effekt.

Det inneber at strukturval først og fremst bør vurderast ut frå kvalitet, fagmiljø, rekruttering og berekraftig drift, heller enn som verkemiddel for å påverke folketalsutvikling.

Konsekvensane vil likevel variere mellom lokalsamfunn, og avhenge av korleis endringane blir følgde opp lokalt, mellom anna gjennom etterbruk av bygg og vidareføring av møteplassar.

9 Kjelder

Christoffersen, H. & Larsen, K. B. (2010). *Den fysiske tilstand af folkeskoler og privatskolars bygninger*. CEPOS.

Delpierre, M. (2021). *School closures and community impacts*.

Ericson, F. (2024). *Material and building reuse in Swedish municipal planning*. Linköping University.

Kearns, R., et al. (2009). Schools as community anchor institutions.

Lind, T. & Stjernström, O. (2015). Organizational challenges for schools in rural municipalities: Cross-national comparisons in a Nordic context. *Journal of Research in Rural Education*, 30(6).

Nordic Council of Ministers (2023). *Policies enabling the reuse of construction products in the Nordics*.

Telemarksforskning & Nordlandforskning (2026): *Skolenedleggelser. Om prosesser, konsekvenser og lokale slagmarker*. Rapport 931.

Williams, D. (2025). *Adaptive Reuse of Abandoned Schools*. Rochester Institute of Technology.